

Blåflatbrue i Etnedal

Av Harald Hvattum

Når ein tenkjer på gamle steinbruer her i Etnedal, er det Lundebrue frå slutten av 1820-åra (1) som fyrst renn ein i hug. Men me har enno att delar av ei anna bru som er like gamal. Også ho er dagleg i bruk. Det er Blåflatbrue over Bergselve eg tenkjer på. Ho vart rett nok bygd om i 1970. Då vart sidevangane (rekkverka) tekne av og ei plate støypt oppå brua, men understellet er det gamle. Me skal i denne artikkelen sjå nærare på byggjearbeidet i 1820-åra (2).

Lisitasjonsforretningar

På same måten som for Lundebrue vart arbeidet med Blåflatbrue sett bort ved hjelp av såkalla lisitasjonsforretning- ar (3).

Fyrste oppropet

Veginspektøren i amtet hadde sendt amtet eit brev den 14. oktober 1826, der han gjorde reide for at det måtte byggjast ei ny bru ved Blåflat. Amtet vende seg so 21. november til Sorenskrivaren i Valdres og bad han halde ei lisitasjonsforretning.

Sorenskrivar Sem sette datoen for lisitasjonsforretninga til 15. januar 1827 og skreiv 5 lisitasjonsplakat ar han fekk publisert på følgjande måte: Den fyrste vart lesen opp ved hovudkyrkja i Land, den

andre ved hovudkyrkja i Sør-Aurdal, den tredje same stad i Nord-Aurdal og den fjerde ved hovudkyrkja i Slidre. Den siste plakaten sende Sem til offentleggjering i Norske Rigstidende.

Det var måndagen 15. januar klokka 11 det skulle skje. Møtestaden var skyssstasjonen på Blåflat. Sem hadde sendt kontoristen sin, Belgum, til å leie forretninga. Han las no opp papira som følgde forretninga, synte fram bruteikningane, og fortalde at amtet hadde sett ein maksimumspris på 360 speciedalar for arbeidet. So oppfordra han folk til å by.

For ein så låg sum ville ingen ta på seg arbeidet, og Belgum måtte heilt opp i 1000 speciedalar før nokon ville vera med. Då tok fyrst Anders Olson Hestkinn på seg arbeidet for 920 speciedalar. Henrik Andersson Torshaugen baud så 888 speciedalar før landingen Nils Nilsson Kolterud smaug seg under med 887 speciedalar. Belgum anmerka i papira sine at trass i at ein stor del av allmugen var til stades, var det ikkje fleire som ville by på arbeidet. Forretninga vart difor avslutta og lisitasjonsvitna, Ellen Arneson Blåflat og Mikkel Nerre Haug, skreiv under på at forretninga hadde gått rett føre seg.

Ein så høg pris for arbeidet ville ikkje amtet betala, og det låg i korta at det vart ei ny forretning.

Lisitasjon!
Her Synesfjellens her der den sigteans her blinnu en Lisitasjonsforretning
om en Lisitasjon af den færdigste Blåflat-Brue her i Etnedal
at allede her pant gjest ginn ginn at Blåflat i Etnedal
Førstgjeld Mandag den 15de Januari 1827 klokke 11 skal den meddag
kvartie Lijthausen i bygden i midt. Synesfjellens her der
Lisitasjonsforretning i bygden.
Walden i Sør-Aurdal den 15de Decbr 1826
Sem.

Slik såg ein lisitasjonsplakat ut. På denne plakaten blir det gjeve beskjed om at bodet om lisitasjonsforretninga 15. januar 1827 over arbeidet med Blåflatbrue, skulle lesast opp på hovudkyrkjebakken i Land.

2. opprop

Rett nok. 20 februar sende amtet eit brev til sorenskrivaren der det bad om ei ny lisitasjonsforretning. Sem la no forretninga til 2. april på tingstaden Bagn, og offentleggjorde ho på same måten som fyrste gongen, med unntak av at forretninga no ikkje vart lesen opp på hovudkyrkjebakken i Slidre.

Det var også denne gongen Belgum som leia forretninga. Tingvitne var Anders Smedsrud og Mikkel Bagn. Etter at papira var lesne opp, vart arbeidet ropt opp for minstesummen frå førre gongen, 887 speciedalar. Denne gongen var folk viljuge til å by mindre for arbeidet. Lensmann Røang var fyrst ute med 550 spe-

ciedalar. Anders Olsson baud so 536 speciedalar. Ellen Arneson Blåflat var so frampå med 535 speciedalar, før Nils Nilsson Kolterud også denne gongen kom lågast, med 534 speciedalar.

3. opprop

Amtet ville presse prisen endå lenger ned og forlangde 27. april ein tredje lisitasjonsforretning. Sem la også denne gongen forretninga til tingstaden Bagn. No skulle det gå føre seg den 21. mai, og Henrik Torshaugen og Ole Sørensen Byfelie vart innkalla til lisitasjonsvitne.

Forretninga vart denne gongen lesen opp frå alle hovudkyrkjebakkane i Valdres, pluss avertert i Norske Rigstidende.

CONDITIONER

til Efterretning og Forpligtelse for den eller de som med Christians Amts Samtykke, formedelst Licitasjonsbud, paatager sig Opbyggelsen af den nedraadnede Brufladt Broe i Hovedveien i Søndre Ourdahls Thinglaug i Valdres.

1.

Broen opbygges i Overreenstemmelse med Veiinspektørens Forskrift, dateret 14. de October Sist-leden, med medfulgte Broetegning som her fremlegges og kundgjøres, dog at ingen Flissteen eller annen i Luft dekkelig opløselig Steen må i murverket anvendes, samt at Broens Rækværk opmures af Steen, 1¼ alen bredt og 1½ alen høit. Broen oven-over eller dens Vei fyldes med god Bund- eller Blaalere i 4 Høide som sammentrampes haardt og overkjøres med 4 lah høy grov Sand eller Singel.

2.

Entrepreneuren har Rettighed og Forpligtelser efter Veilovens 66 og 67 Paragrafer.

3.

Uden Tillæg i Licitationsprisen nedsætter Broebyggeren paa hver Ende af Broen med og i Linie med Steenrækværkets indre Side en Stolpe med Plade overensstemmende med Forskriften for de i Christians Districts nedsatte Halvmiile-pæle hvorpaa med gode Bogstaver males Navnet «Bruefladt Broe».

4.

Det heele Arbeide skal være udført inden Juli Maanedes Udgang Aar 1828, men for Licitationsbudets Approbation og indtil den nye Broe med Sikkerhed kan passeres holder Entreprenøren Vahrebroe over hvilken Færsele ubehindret kan skee, hvor imod den gamle Broes Materialer ere ham overdragen til Eiendom.

5.

Naar Broearbeidet er fuldendt anmeldes saadant til Christians Amt som foranstalter Broen modtaget paa den Maade Veilovens 65 Paragraf foreskriver og efter Varsel af 4 uger forkyndt paa Søndre Ourdahls Præstegjelds Hovedkirkebakke en tjenesteforrettende Søndag.

6.

Entrepreneuren staaer til Ansvar for saavel Conditionernes Opfyldelse i Almindelighed saavidt han betræffer, som og for al den Skade Broen i eet år fra Afleveringstiden kan regnet at have faret enten formedelst slet Opbygning, eller slette Materialers Afbenyttelse – og er desuden i Arbeidet undergivet Kontrol af Stedets forrettende Lensmand og Veibestyrelsen, som paa forlangende forevises saavel Broetegningen som Licitationsforretningen hvilke begge til Lensmanden eller Veibestyrelsen afleveres naar Arbeidet erklæres fuldført.

7.

Broens Opførsel med Materialernes Anskaffelse, Broestolpernes Anskaffelse og Nedsættelse, Vahrebroens hold eller in Summa det hele beskrevne Værks Fuldførsel oprabes for 360 Speciedaler. De gjørende Bud, mindre eller høiere, antages, da enhver Byder, aflyst eller ikke aflyst med Andres Bud, forpligtes til disse Conditioner ved Budet, saafremt samme af Amtet approberes.

8.

Amtets Approbationa eller Nægtelse af Approbation tilkjendegives byderne med Skrivelse til Lensmanden i Søndre Ourdahl inden 4 uger efterat Licitationsforretningen med Biilage er beholdt beskrevet fra Sorenskriverkontoret. I tilfælde af Approbation modtager Entreprenøren hos bemeldte Lensmand, mod Qvittering, Licitationsforretningen og Broetegningen.

9.

Licitationsbudet som approberes, forfalder, med Afkortning efter Veilovens 64 de paragraf, til Udbetaling med Amtets Anviisning på Veikasse saasart Broearbeidet forsvarlig er bleven Udført, dog er Broebyggeren mod Amtet stillet Antagelig kondition for Arbeidets riktige Udførsel, berettiget til at erholde Anviisning paa Forskud af Veikassen saaledes: 1/3 Deel af den budne Summa saasart som Approbation paa Budet er meddeelt, og 1/3 Deel naar Broens Bue, med Sidemuure til samme Høide som Bund er færdig.

Christians Amtcontoir den 21. november 1826.

Weidemann



Blåflatbrue slik ho er i dag.

Belgum leia atter ein gong forretninga, og prøvde sikkert etter beste evne å få ned summen endå meir. Og det greidde han også såvidt å få til. Nils Haraldson Hestkinn baud fyrst 533 speciedalar, før Nils Nilsson Kolterud gjekk ned til 532. Det vart det minste bodet på brubygginga.

Brubygginga utsett

Av ei eller anna årsak vart det ikkje noko brubygging på Nils Nilsson Kolterud. 20. desember same året som siste lisitasjonsforretningen vart halden, skreiv så veginspektør Buckholzt eit brev til amtet der han tok på seg byggearbeidet for 440 speciedalar pluss diett.

Heller ikkje Buckholzt vart brubyggjaren. – Me må no heilt fram til i 1829

før me finn meir om saka. Ved ei brevveksling mellom ein kar som heitte Aubert og amtet i 1829 går det fram at Aubert også hadde sendt inn forslag til bygginga. Han var då under militær kommando.

Byggearbeidet

Her har me ei god kjelde, då Aubert med jamne mellomrom gav amtet rapportar om framgangen i arbeidet.

Utsettjing av arbeidet

Aubert fekk ordre frå Ingeniørbrigaden 29. april 1829 om å starte arbeidet. Han skreiv difor 1. mai eit brev frå Christiania og fortalde amtet om dette. No var vårflaumen ekstra sein dette året, og Aubert foreslo difor at arbeidet fyrst skul-

le starte sist i mai. Samtidig bad Aubert om eit forskot frå amtet til innkjøp av material.

Arbeidet kjem i gang

28. mai kom Aubert til Blåflat. Det fyrste han gjorde var å få på plass ein del trematerial til stillas og forskaling. So tok han ein tur rundt «og befaret den nærmeste Omegn med Hensyn til Anskaffelse af tilstrekkelig og brugbar Steen m. m.» Etter at det var gjort måtte han ein snartur til Øvre Valdres. Han hadde nemlig også fått ordre frå Ingeniørbrigaden om å undersøke tilstanden til Vangstenbrue i Vang.

Tirsdag 9. juni var han klar til å starte på sjølvbyggearbeidet på Blåflat. Tømmer vart hogge, stein brote, og elvebotnen under sjølv brua reinska opp. Den nye brua vart plassert om lag ei alen (62 cm) ovanfor den gamle brua. Aubert undersøkte grunnen såvel på oversida som nedsida av den gamle brua, men det var berre på oversida det var fast fjell på begge elvesidene.

Under arbeid

12. juli gav Aubert ny rapport til amtet. Trass i at det i lang tid hadde vore regnver, hadde arbeidet vore «fortsat uafbrudt med saa stor Kraft, som det har været muligt at anbringe.» Brustillinga var ferdig 29. juli, og kvelven 11. juli klokka halv elleve.

Det som no sto att, var overmuringa, ein del av sidevangane, og vegomlegginga i samband med den nye brua. Aubert bad no amtet om ei tilvising på 250 speciedalar. Det skulle både brukast til å fullføre arbeidet og som forskot til skyss og diettutgifter Aubert kom til å få.

Ferdig

2. august 1829 kunne Aubert, i den tids høgtidelege skrivemåte, gje beskjed til amtet om at «Herved giver jeg mig den Ære at meddele det høie Amt at Brufladt Brobygning med tilhørende Veistykker blev færdig i gaar den 1. August». Arbeidet hadde altså teke snaut to månader.

Det var att ein del material. Desse skulle seljast på auksjon 5. august. Aubert fann ut at han ikkje hadde noko å gjera på auksjonen, og reiste alt attende til Christiania 3. august, mellom anna for å avslutte rekneskapen.

Auksjonen

Auksjonen vart halden på gjestgjevargarden Blåflat med Henrik Anderson Torshaugen og korporal Ole Nilsson som auksjonsvitne. I alt var det 71 nummer som vart ropt opp. Det var ubrukt tømmer, plankar, sprengkiler, kløyvkiler, meisler, steinslegger, trillebårer o. a. Alt vart selt unna. Til saman kom det inn 19 dalar, 2 ort og 18 skilling.

Rekneskapen

24. august fekk Amtet rekneskapen for Blåflatbrue. Aubert hadde ikkje heilt greidd å halde overslaget. Arbeidet hadde kosta han 15 speciedalar, 1 ort og 22 skilling meir enn tilbodet. Forklaringa var, ifølgje Aubert, den at inntektene frå auksjonen ikkje slo til.

NOTER:

- 1) Sjå artikkel i Årbok for Valdres 1990.
- 2) Kjeldene til denne artikkelen er følgjande materiale frå Statsarkivet i Hamar:
 - a) Fylkesmannen i Oppland: Journalvedlegg veisaker 2 (1826-29).
 - b) Sorenskrivaren i Valdres: Auksjonsprotokollar og ekstraretsprotokollar.
- 3) Kva som skjedde i ei lisitasjonsforretning, er gjennomgått i artikkelen om Lundebroe (sjå note 1).